

# Ordføraren sitt hjørna – desember 2017



Det er snart jul og eit nytt år står for tur. Mykje har skjedd i året som snart er omme, og mykje skal skje og gjerast i året som kjem. For kommunal aktivitet er det budsjettet for komande år, og økonomiplan vidare framover, som er grunnlaget for kva tenester me greier å levere, og kva aktivitetar me kan vera med på. Budsjett for 2018 og Handlingsplan for 2018 – 2021 er på sakslista til kommunestyret no.

Formannskapet la ut sitt framlegg til økonomiplan/budsjett den 28. november. Fram til kommunestyremøtet er det mogleg å koma med innspel til framlegget.

Me les i Hallingdølen at det er mange millionar som må sparast inn hjå dei fleste kommunar i Hallingdal. Her har det også vore ein slik prosess. Begge asylmottaka i bygda er no avvikla. Med det er også tilskota som kommunen fekk frå UDI borte. Noko var øyremerka til undervisning, noko var frie midlar som vart brukt til auka tenester, særleg på helse. Tenestnivået vart styrka noko med ekstra bemanning då mottaka kom, men mykje av tenestene er gitt innafor dei rammene me hadde. Derfor fører dette til eit netto inntektsbortfall på litt over ein million etter at naturlege justeringar er gjort. Endringar i eigedomsskatteregulverket for kommunane tek endå ein million i 2018, og auken i skatt og rammeoverføring dekkja ikkje på langt nær løns- og prisveksten. Nye tiltak er det ikkje plass til, men kommunestyret har i vedtak lagt inn auka stilling på stab/personal og me treng å styrke plan og byggesak. Dette er no lagt inn i framlegget frå formannskapet, og det same er 1 million til taksering for innføring av generell eigedomsskatt. Det er henta 3,5 millionar frå disposisjonsfondet for å dekke opp inntektssida i budsjettet. Fondet er tilført mykje pengar dei siste åra grunna gode rekneskapsresultat. Ser ut til at 2017 også blir eit godt år i så måte.

I tilrådinga til budsjett og handlingsplan er det tatt inn generell eigedomsskatt frå 2020. Det er med tungt hjarta eit samrøystes formannskap har lagt inn dette, men med dei store investeringane me har framom oss er det ikkje anna råd. Ny sentralskule med nytt skulebygg, parkering, gymsal/hall og utbetringar i eksisterande skulebygg er rekna til 140 millionar + moms. Dette er lagt inn med investering i 2019 og 2020. Planen er at sentralskulen skal vera ferdig til skulestart i august 2020.

Det trengs òg investeringar innan helse og omsorg. Behovet for sjukeheimsplassar og omsorgsbustader er omtrent dekkja no, men talet på eldre og andre brukarar aukar stadig i åra framover. Det må derfor byggjast minst 20 nye plassar dei komande 10 åra. Helsestasjonen er no spreidd over mange stader, og her trengs det også utviding og helst bør helsetenestene samlast i meir hensiktsmessige lokal. Dette er også investeringar på 150 millionar. Det er også eit sterkt ynskje om badeanlegg, behov for nye bustadfelt og utviding og nyanlegg for vatn og avlaup. Nytt bustadfelt bør vera klart i 2019. Det er såleis svært mange store investeringar me har framom oss, og det ser ikkje ut til at dei vanlege inntektene greier å dekke opp dette. Kapitalkostnaden må dekkast frå ekstra inntekt som eigedomsskatt vil vera. For kvar kr 100.000 me investerer har me kapitalkostnad på ca 5,5 million kroner. Unnateke er bustadfelt og vatn og avlaup, dette skal seljast/dekkast inn til sjølvkost.

Skatteinngangen dette året har vore bra, og spesielt god var den no i november. Me ligg godt over budsjett. Det ser ut som det er optimisme for vidare utvikling i bygda.

Det har og vore eit år med mange vakansar og sjukmeldingar i stillingar, spesielt i leiarstillingar. Dette merkar mange tilsette i kvardagen, det er mange som har lange dagar. Takk til alle for stor innsats i 2017.

God jul og godt nyttår!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører